

Fra: Larsgard, Jon (Jon.Larsgard@jondal.kommune.no)

Sendt: 11.04.2017 13:31:45

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Innspel til høyring RTP Hordaland 2018-2029

Vedlegg:

Hordaland fylkeskommune Samferdselsavdelinga
Postboks 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref.

2015/10633

Vår ref.

11/318-15 //JOL/17/1667

Arkiv:

N - 561

Dato

11.04.2017

Innspel til høyring RTP Hordaland 2018-2029

Viser til brev av 24.02 om høyring av planforslag.

Jondal kommune vil gjerne koma med følgjande innspel til RTP for 2018-2029:

Strategiar:

Det er viktig å ha fokus på vedlikehaldet av fylkesvegnettet. I tillegg til å stoppa forfallet, er det og naudsynt å ta att ein del av vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet.

Vi støttar og formuleringane i planen om tilrettelegging for reiselivets behov ved utforming av kollektivtilbodet. Mange ønskjer å kunne reisa kollektivt til og mellom regionalt viktige reisemål som t.d Trolltunga og Sommarskisenter/Folgefonna.

Overordna prioriteringar:

Vi vil og peika på at gjennom kommunereformarbeidet, vil vegen fram til kommunesenter verta ny og lengre mange stader i fylket. Slike nye interne samband har i dag varierende kvalitet i våre område. Frå statleg hald er det avsett midlar, hovudsakleg planleggingsmidlar, til utbetring av kommunikasjonar internt i samanslåtte kommunar. Det er viktig at ein tek høgde for å kunne følgja opp slike samband i dei tilfelle vegane ligg under fylkesvegnettet. Eit slikt døme er Fv107 mellom Jondalstunnelen og Folgefontunnelen.

Nye ferjeandod og fornying av ferjeflåten vil og påverka infrastruktur på land. Vi vil understreka behovet for opprusting av ferjekaiane i denne samanhengen, spesielt i samband med elektrifisering av ferjeflåten, men og for å kunne ta i mot større ferjer som på strekningen Jondal-Tørvikbygd.

Prioritera utbetringar i fylkesvegnettet som søttar opp om nasjonale strategiar. Ivareta skjæringspunktet mellom nasjonale og regionale satsingar. For vår del gjeld det som tilførselsveg til E134 som prioritert stamveg mellom aust og vest.

Med helsing

Jon Larsgard
ordførar

